
Retningslinjer for utsmykkingsfondet i Bømlo kommune

Føremål

Føremålet med utsmykkingsordninga er:

- Sikra midlar til kunstnarleg utsmykking av bygg der kommunen er byggherre.
- Skapa eit miljø for dei som arbeidar og vitjar kommunale bygg
- Sikra midlar til kunstnarleg utsmykking av eksisterande kommunale bygg

Definisjon

Kunst i kommunale bygg kan vera biletkunst, skulpturkunst, kunsthandverk eller elektronisk kunst, anten som permanent eller temporær, frittstående eller integrert del av ein bygning.

Kva som blir omfatta av ordninga

Ordninga skal prioritera bygningar der mange menneske ferdast, arbeider eller oppheld seg.

Alle bygg for offentlege føremål kjem inn under retningslinjene. Dette omfattar nybygg, påbygg og større restaureringsarbeid.

Kriteria for val av kunst

Ved val av kunst til kommunale bygg skal det tilstrebast:

- At kravet til kunstnarleg kvalitet blir eit overordna omsyn
- At kunsten er tilpassa staden sin karakter og funksjon
- At det blir tatt omsyn til brukarane sine interesser og medverknad
- At det blir ein rimeleg fordeling mellom kunststartar representert i Bømlo kommune.
- At ein vurderer kunstnarar med tilknytning til distriktet.

Utsmykkingsfondet sine oppgåver

Det blir lagt vekt på at fondsstyret skal ha eit overordna ansvar for utsmykkinga av kommunen, kartleggja behov for utsmykking, leggja planar, gjera økonomiske vurderingar og søkje om midlar eksternt. Konkrete oppgåver blir lagt til særskilte nemnder for kvart utsmykkingsoppdrag.

Fondsstyret

Fondsstyret skal bestå av fem personar:

- Tre politisk valde
- 1 representant for Bømlo kunstlag
- 1 representant utpeikt av rådmannen

Rådgjevar for kultur og idrett fungerer som sekretær for fondsstyret.

Utsmykkingsnemnda

Utsmykkingsnemnda skal bestå av:

- 1 representant for fondsstyret
- 1 representant for lokal leiing
- 1 representant frå dei tilsette/brukarane
- 1 kunstnarleg fagperson
- Rådgjevar for kultur og idrett er også sekretær for nemnda.

Utsmykkingsnemnda skal utarbeide ein utsmykkingsplan utifrå budsjettert sum. Planen skal omfatte:

- Omtale av bygget, brukarfunksjon og rammer for bruk
- Val av stad for utsmykking og grunngjeving
- Grunngjeving for val av kunstnar/ar

Utsmykkingsnemnda skriv ein rapport for kvar gjennomført utsmykking. Sluttrapporten skal innehalda ei kort oppsummering av prosjektet med fotodokumentasjon av utsmykkinga, og kopi av dekking/omtale i media.